

Detaljregulering for fv.60 Raftevollen – Stranda grense

Reguleringsføresegner
PlanID: 2021009
Saksnummer: 2021/5006

1 Siktemålet med planen

Hovudsiktemålet med planen er å legge til rette for bygging, drift og vedlikehald av fylkesveg (fv.) 60 gjennom Hornindal.

2 Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Funksjons- og kvalitetskrav (pbl. §12-7 nr.4)

2.1.1 Estetikk, landskapsutforming og terrengbehandling

Naturlik utforming skal leggast til grunn for all terrengforming. Alle naturareal utanfor vegareal med teknisk anlegg skal arronderast og leggast til rette for naturleg revegetering eller reetablering ved såing.

2.2 Verneverdi kulturmiljø/naturmiljø/naturressursar (pbl. §12-7 nr. 6)

2.2.1 Kulturmiljø

Om det i samband med tiltak vert oppdaga restar etter den Trondhjemske postvegen, skal arbeidet straks stansast og Møre og Romsdal fylkeskommune skal varslast. Gjeld funn under eksisterande vegkropp.

2.2.2 Naturmiljø

- a) Langs myr skal det byggjast tetningsvollar for å oppretthalde vasstand og då unngå drenering. Skadereduserande tiltak for kvar enkelt myr som blir påverka av tiltaket skal gå fram av plan for ytre miljø i byggjefasen.
- b) Kantvegetasjon langs vassdrag og myr kan berre fjernast for å sikre teknisk gjennomføring i anleggsfasen, kantvegetasjonen kan ikkje fjernast før arbeidet i kantsona blir starta. Når arbeidet er fullført, skal kantsona ha same jordsmonn og mektigheit som før inngrepet vart igangsett, vegetasjonen skal reetablerast ved naturleg revegetering.
- c) Ved reetablering ved planting/ såing skal det brukas stadlege artar og reine massar.
- d) Førekomstar av framande, skadelege planteartar skal kartleggast før anleggsstart. Det skal gjerast ei risikovurdering av funna og det skal gjennomførast tiltak for å hindre spreiding under anleggsarbeidet. Tiltaka skal innarbeidast i plan for ytre miljø.

2.2.3 Matjord

- a) Fulldyrka og overflatedyrka jord som blir beslaglagt av veganlegget, skal gjenbrukast til jordbruksformål. Reetablert dyrkamark skal være egna for tilsvarande jordbruksformål som det omdisponerte arealet.
- b) *Matjordplan* (Sweco 14.04.2026) skal leggast til grunn for permanent og midlertidig omdisponert matjord og handtering av matjord i anleggsfasen.

- c) Dersom A-sjikt og B-sjikt (matjordlaget) skal mellomlagrast, skal maksimal rankehøgde være 3 meter. Rankane skal merkast med teig og sjikt. Det skal setjast i verk tiltak for å hindre oppformering av ugras i rankane.
- d) Sjikta skal tilbakeførast med same sjiktvis oppbygging. Ved gjenoppbygging av fulldyrka jord skal A-sjikt ha djupne på minimum 20 cm og B-sjikt ha en djupne på minimum 30 cm etter at massane har satt seg. Dette med mindre jordsmonnet er grunnare på omdisponert areal. Dersom A- og B-sjikt leggst oppå sprengsteinsfylling skal det leggst eit sjikt over sprengsteinfyllinga som hindrar A- og B-sjikt i å trenge ned i sprengsteinfyllinga. Sjektet må ha drenerande eigenskapar. Større stein i A- og B-sjikt skal unngåast. Matjorda skal være fri for planteskadegjeraren potetcystenematode (PCN), og ugrasartane floghavre og hønsehirse før den blandast med anna matjord.
- e) Hellinga på reetablerte område med dyrka mark ska ikkje overskride 1:5.
- f) Matjord bør ikkje handterast eller flyttast i særleg fuktige periodar/ etter periodar med mykje nedbør. Matjord bør være tørr under flytting og handtering.

2.2.4 Vassdrag

Ved kryssing av bekkar og vassdrag med påvist fisk skal stikkrenner og andre kryssingskonstruksjonar utformast sånn at fri fiskevandring sikrast heile året. Kryssingane skal ha naturleg botn eller botnsubstrat tilpassa lokale forhold, tilstrekkeleg vassdjupn og låge strøymingshastigheiter ved normal- og lågvasstand. Det skal ikkje etablerast sprang eller innsnevringar som hindrar opp- eller nedvandring av fisk. Fiskevandring skal sikrast på heile bekkestrekninga, inkludert overgangssonar mellom planområdet og opp- og nedstraums delar av bekkar og vassdrag.

2.3 Miljøkvalitet (pbl. §12-7 nr. 3 og 4)

2.3.1 Plan for ytre miljø (YM-plan)

- a) Det skal utarbeidast ei fullstendig plan for ytre miljø (YM-plan) før byggefasen. *Innspill til Ytre Miljøplan* (Sweco 27.02.2026) skal leggst til grunn for utarbeiding av YM-plana.
- b) YM-plana skal beskrive miljømål for prosjektet, ansvarsforhold, lov- og forskriftskrav, risikoar, i tillegg til forebyggjande og avbøtjande miljøtiltak i anleggsfasen.
- c) Føringar og krav i YM-plana skal ivaretakast på ein systematisk måte i anleggsfasen og ved vidare drift av anlegget.

2.3.2 Rigg og marksikring

Det skal utarbeidast rigg- og marksikringsplan før byggefasen.

2.3.3 Luftkvalitet

For busetnad som påverkast av denne reguleringsplanen skal anbefalingane i *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520/2012*, leggst til grunn for anleggs- og driftsfase.

2.3.4 Støy

- a) For bustader i influensområdet frå vegen skal følgjande kvalitetskriterier tilfredsstillast:
 - Innandørs støynivå skal tilfredsstillast NS8175 klasse C.
 - Bustaden skal ha ei stille side, der støynivået ikkje overstig Lden 55 dB.
 - Bustaden skal ha tilgang til egna, stille uteareal med støynivå under Lden 55 dB.
- b) Anleggsfasen skal gjennomførast på ein skånsam måte med vekt på å unngå overskridingar av grensene for støy i tabell 4 og 5 i T1442:2021. Det skal utarbeidast ein plan for anleggsfasen som beskriv handtering av støy og vibrasjonar med tilhøyrande tiltak.

2.3.5 Vern mot forureining

- a) Det skal gjennomførast tiltak for å hindre partikkelavrenning og annan forureining i anleggsfasen, for å sikre at veganlegget ikkje påverkar vasskvaliteten i elva Horndøla som er reservedrikkevasskjelde.

- b) Det skal utarbeidast eit overvakingsprogram som er egna til å følgje opp løyver til utslepp for midlertidige og permanente tiltak der det er fare for forureina avrenning til vassdrag.
- c) For å hindre spreiding av uønskete organismar skal vatn som blir brukt i anleggsfasen ikkje flyttast mellom vassdrag.

2.4 Dimensjonering av anlegg for flaum og overvatn (pbl. §12-7 nr. 4)

Veganlegget skal utformast slik at naturlege flaumvegar takast vare på. Overvatn skal handterast innanfor planområdet, og fortrinnsvis infiltrerast og bli leda kontrollert til vassdrag/ resipient.

2.5 Byggegrense

Veglovens føresegner om byggegrense frå veg er gjeldande for tiltak langs vegen.

2.6 Frisiktlinje

Mellom senterlinje veg og frisiktlinje i kryss kan det ikkje etablerast sikthindrande objekt over 0,5 m.

3 Arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (pbl. § 12-5 nr.1)

3.1.1 Bygningar og anlegg (BA)

Innanfor BA skal arealformål og føresegner i eksisterande plan gjelde framfor denne planen frå eitt år etter at heile veganlegget er satt i ordinær drift. Det gjelder følgende planer:

PlanID	Plannamn
20030002	Reguleringsplan aust for Honndøla bru
20050003	Reguleringsplan Rokkheim hytteområde

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5 nr.2)

3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-7 nr. 1 og 4)

- a) Regulert senterlinje for fv. 60 kan justerast vertikalt inntil 1 meter i forhold til høgde vist i plankart. Justering skal skje innanfor *samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur* med tilhøyrande underformål. Sideareal, konstruksjonar og sidevegar kan justerast tilsvarende ved justering av regulert senterlinje.
- b) Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva for veg eigendommene skal ha avkøyrslar frå, er bindande.

3.2.2 Køyreveg (KV1-3, KV1_3)

- a) Innanfor arealformålet er det tillate å etablere veg med sideareal, tekniske anlegg og installasjonar som er nødvendig for veganlegget.
- b) o_KV1 omfattar areal regulert til fv. 60.
- c) o_KV2 omfattar andre offentlege vegar.
- d) KV3 omfattar private vegar.

3.2.3 Gang- og sykkelveg (GS)

Innanfor arealformålet skal det etablerast offentleg gang- og sykkelveg.

3.2.4 Annan veggrunn – grøntareal (AVG, AVG_3)

- a) Innanfor o_AVG er det tillate å etablere grøfter, reinseanlegg, skjerings- og fyllingsskråningar, permanent lagring av masser, stabiliserande tiltak, grøntareal, kulvertar, stikkrenner, støyskjermingstiltak, sikringsgjerde/-tiltak, støttemurar, tekniske installasjonar, konstruksjonar for bru, digital infrastruktur, landbruksvegar og turstiar, i tillegg til andre innretningar og tiltak for bygging og drift av veganlegget.
- b) Vegrekkverk må bli ført opp innanfor areala dersom det ikkje er mogleg å oppfylle krava i handbok N101.

3.2.5 Leskur (LPL)

Innanfor o_LPL skal det etablerast offentlege leskur med maks storleik 2x3 meter og maks høgde 2,7 meter.

3.2.6 Kollektivhaldeplass (KH)

Innanfor o_KH skal det etablerast offentlege kollektivhaldeplassar med krav til universell utforming.

3.2.7 Rasteplass (RP)

Innanfor o_RP er det tillate å etablere tiltak i tilknytning til rasteplass, parkeringsplassar, toalettfasilitetar, veg- og manøvreringsareal og tekniske installasjonar. Minimum 2 parkeringsplassar skal være tilrettelagt for forflytningshemma.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (pbl. § 12-5 nr. 5)

3.3.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunlaget på garden (LNFR)

- a) Ved etablering eller oppgradering av landbruksveggar og andre private veggar er det tillate å etablere skjeringar og fyllingar innanfor arealformålet.
- b) Innanfor arealformålet kan det gjennomførast nødvendige tiltak for å betre sikkerheita mot flaum og erosjon, inkludert bekkeomleggingar.
- c) Dagens fv. 60 skal fjernast innanfor formålet og areala skal setjast i stand til natur eller landbruksareal. Det gjeld ikkje innafor føresegnområde avsett til #2_V.

3.3.2 LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål (LAA1-7)

- a) Arealformålet består av *landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift* kombinert med *bygningar og anlegg*, og legg til rette for permanent masselagring.
- b) Områda kan nyttast til permanent masselager for overskotsmassar frå veganlegget, inkludert sprengstein. Områda kan nyttast til knusing av massar. Byggegrense mot veg gjeld ikkje for desse tiltaka.
- c) Før veganlegget ferdigstillast skal areal innanfor LAA, som nyttast til permanent masselager, arronderast og tilpassast omkringliggende naturleg terreng og formasjonar.
- d) Behov og omfang av reinseløysingar avklarast i forbindelse med søknad om utsleppsløyve for anleggsfasen. Tilkomstveg til reinseløysingar kan etablerast innanfor områda.
- e) LAA1 skal ha maks helling 1:5, terrassering mot tilgrensande areal kan være brattare. Det kan lagrast inntil 72 000 m³ masse innanfor området.
- f) LAA2 skal ha maks helling 1:5, terrassering mot tilgrensande areal kan være brattare. Det kan lagrast inntil 28 000 m³ masse innanfor området.
- g) LAA3 skal ha maks helling 1:5, terrassering mot tilgrensande areal kan være brattare. Det kan lagrast inntil 14 000 m³ masse innanfor området.
- h) LAA4 skal ha maks helling 1:5, terrassering mot tilgrensande areal kan være brattare. Det kan lagrast inntil 15 000 m³ masse innanfor området.
- i) LAA5 og LAA6 skal ha maks helling 1:5, terrassering mot tilgrensande areal kan være brattare.

3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl. § 12-5 nr. 6)

3.4.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (BSV1-2)

- a) Arealformålet kan nyttast til natur- og friluftsområde i vassdrag.
- b) Innanfor BSV1 skal det ikkje plasserast brufundament eller andre installasjonar.
- c) Innanfor BSV2 kan det etablerast erosjonssikring.

4 Omsynssoner (pbl. § 12-6)

4.1 Sikrings- og faresoner (H320) (pbl. § 12-7 nr. 2)

4.1.1 Faresone – Flaumfare (H320)

Innanfor faresone H320 kan det i tillegg til tiltak regulert i planen, etablerast tiltak for flaumsikring, i tråd med føresegn 2.4 *Dimensjonering av anlegg for flaum og overvatn*.

4.2 Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (H560, H570) (pbl. § 12-7 nr. 2 og 6)

4.2.1 Bevaring naturmiljø (H560)

Innanfor omsynssonene skal naturtypene bevarast, og det skal ikkje gjennomførast inngrep som kan skade naturtypene. Omsynssonene skal i anleggsfasen sikrast med fysisk merking og skilting for å sørge for at naturtypene ikkje skadast.

4.2.2 Bevaring kulturmiljø (H570_1-3)

- a) Innanfor H570_1 skal strukturen til Den Trondhjemske postvei beholdast. Nødvendig arbeid med tilpassing til ny avkjørsel kan utførast.
- b) Innanfor H570_2 skal vegtraseen til Den Trondhjemske postvei bevarast som synleg vegfar. Merkesteinen innanfor området skal bevarast.
- c) Innanfor H570_3 skal Den Trondhjemske postvei bevarast. Omsynssonen skal i anleggsfasen sikrast med fysisk merking og skilting for å sørge for at lokaliteten ikkje skadast.

4.3 Bandlagte område (H740) (pbl. § 12-7 nr. 6)

4.3.1 Bandlegging etter andre lover – Energiloven (H740)

Det er ikkje tillate med nye bygningar innanfor omsynssonen. Anleggsarbeid og tiltak i terrenget innanfor omsynssonen skal på førehand avklarast med leidningseigar.

5 Føresegnområde (pbl. § 12-7 nr. 2 og 12)

5.1 Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (#2)

5.1.1 #2_B. Bru/ kulvert

Innafor føresegnområdet skal vassdraget kryssast med bru eller kvelvkulvert.

5.1.2 #2_S. Støyskjermingstiltak

Innanfor #2_S skal det etablerast støyskjermingstiltak i form av skjermar eller vollar. For vollar gjeld at topp voll skal plasserast innanfor føresegnområdet.

5.1.3 #2_V1-10. Handlingsrom veg

Innanfor #2_V skal eksisterande veg oppretthaldast, eller det skal etablerast ny veg for å sikre tilkomst og rettar til eigedom som blir råka av veganlegget.

5.2 Krav om nærmare undersøkingar, overvaking og klargjering av verknader (#12)

5.2.1 #12. Kulturminne (#12_274542, #12_274543)

Område merka med #12 er bandlagt i påvente av vedtak om frigiving av kulturminna etter lov om kulturminne. Før vedtak om frigiving kan det ikkje gjennomførast midlertidige eller permanente tiltak innanfor områda. Områda er nummerert med ID-nummer frå Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden.

5.3 Midlertidig bygge- og anleggsområde (#MBA1-3)

- a) Midlertidige bygge- og anleggsområde skal ikkje ryddast for vegetasjon før det er endeleg avklart at det er nødvendig å ta dei i bruk.

- b) Midlertidige bygge- og anleggsområde skal først tilbake til arealbruk som var før igangsetting av tiltaket eller istandsetting til planlagt ny arealbruk. Det skal skje seinast innan eit år etter at veganlegget er ferdig. Ved etappevis utbygging skal dei midlertidige bygge- og anleggsområda standsetjast innan eit år etter at tiltak på etappen er ferdig.
- c) Før nødvendig anleggstrafikk kan skje på matjord må A-sjikt skavast av og rankast før etablering av anleggsveg. Det skal ikkje lagrast andre masser enn matjord på B-sjiktet.
- d) #MBA1 kan nyttast til anleggsdrift, inkludert bygging av anleggsvegar, riggområde, midlertidig lagring av jord- og steinmassar, samt andre midlertidige tiltak som er nødvendig for anleggsgjennomføringa.
- e) Innanfor #MBA2 er det berre lov med tiltak for å hindre partikkelavrenning i anleggsfasen, inkludert nødvendig tilrettelegging for åtkomst til vassdrag.
- f) Innanfor #MBA3 kan det gjennomførast nødvendig anleggsarbeid i vassdraget. Elveløpet kan snevrast inn og flyttast i anleggsfasen.

6 Rekkjefølgjeføresegner (pbl. § 12-7 nr. 10)

6.1 Tiltak som skal være gjennomført før igangsetting av anleggsarbeidet

Privat drikkevassforsyning skal kartleggast før igangsetting av anleggsarbeidet, drikkevassforsyninga skal oppretthaldast under anleggsarbeidet.

6.2 Tiltak som skal være gjennomført før opning for ordinær drift av heile veganlegget

- a) Nødvendige tiltak mot støy skal være fullført.
- b) Vegar som råkast av tiltaket regulert til køyreveg (KV) eller #2_V skal være fullført.

6.3 Krav til samtidig opparbeiding

Snuplass for buss, busslommer og kollektivhaldeplassar med tilrettelagte kryssingspunkt skal opparbeidast som vist i plankartet, samtidig med resten av veganlegget.